

# Protokoll frå årsmøte i Lom idrettslag

Årsmøtet vart halde i klubbhuset i Grov den 12. mars 2025 kl. 19.00

## Sak 1 Godkjenne av dei med røysterett

Det var 17 personar som møtte på årsmøte, 15 av desse har røysterett.

## Sak 2 Godkjenne av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjent.

## Sak 3 Val av dirigent, referent og to til å underskrive protokollen

### Val av dirigent

Andrè Sørhage vart samrøystes vald til dirigent.

### Val av referent

Ida Mundhjeld vart samrøystes vald til referent.

### Val av to medlemmar til å underskrive protokollen

Karina Mandal og Asbjørn Hansen meldte seg til å skrive under protokollen.

## Sak 4 Handsame idrettlaget si årsmelding for hovudlaget og undergruppene

Dagleg leiar la fram årsmeldinga frå hovudlaget (hovudstyret).

Dagleg leiar la fram årsmeldinga til fotball-gruppa.

Kjersti Eilen Stenersen la fram årsmeldinga frå trim- og turgruppa.

*- neste år bør spinning nemnast under denne gruppa.*

Sjur Bjørgen, leiar skigruppa la fram årsmeldinga til ski-gruppa.

Dagleg leiar la fram årsmeldinga til barneidretten/idrettsskulen.

Dagleg leiar la fram årsmeldinga til alpingruppa.

Det har ikkje kome årsmelding frå ishockey-gruppa for 2024.

Alle årsmeldingane vart samrøystes godkjent.

## Sak 5 Handsame idrettslaget sitt rekneskap i revidert stand

Regnskapet vart lagt fram og samrøystes godkjent.

## Sak 6 Handsame forslag og innkomne saker

Det har innan fristen ikkje kome inn forslag eller saker til handsaming

## Sak 7 Fastsetje medlemskontingent for 2026

Årsmøte vedtok samrøystes å vidareføre medlemskontigenten vi har i 2025.

Familie: kr. 550,- (familiar på fleire enn 5 pers. betaler kr. 100,- pr pers.)

Enkeltmedlem, vaksen: kr. 330,-

Enkeltmedlem, born: kr. 200,-

Støttemedlem kr. 165,-

Styret la i forkant av årsmøte fram eit forslag til Garmo IL og Skjåk IL om å gå bort frå rabattert medlemskap til medlemmar frå andre klubbar. Det var kretsen som råda oss til dette da dei ikkje kjenner til nokon annan stad dei gjer det slik. Garmo IL gjekk ikkje med

på forslaget som dermed ikkje blir noko av.

Medlemmar i Skjåk IL og Garmo IL får som tidlegare 50% rabatt på medlemskontingent.

#### **Fastsetjing av treningsavgift for gruppene**

Det vart på årsmøtet vedteke å gje kvart gruppestyre fullmakt til å sjølv skal fastsetje treningsavgift for si gruppe/aktivitet for 2025.

Båe vedtaka vart samrøystes godkjent.

#### **Sak 8 Vedta idrettslaget sitt budsjett for 2025**

Dagleg leiar har laga eit budsjett for 2025 som ho la fram.

Budsjettet vart samrøystes godkjent.

#### **Sak 9 Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan.**

Organisasjonsplanen vart lagt fram og samrøystes godkjent.

#### **Sak 10 Orientering frå kontrollkomiteen**

Kontrollkomiteen har gått gjennom regnskapet og godkjent det.

Dei hadde ingen anmerkning til regnskapet.

#### **Sak 11 Val**

##### **a) Leiar**

Valkomiteen foreslo at André Sørhage fortset som styreleiar.

André Sørhage vart samrøystes attvald for 1 år.

##### **b) Styremedlemmar og varamedlemmar**

Kari Ousten Lyngved går ut – Lars Kristian Sperstad kjem inn.

Resten av dei på val tek attval. Samrøystes godkjent.

##### **c) Andre val jf. vedteken organisasjonsplan, jf pkt 9**

###### Ski gruppa:

Sjur Bjørgen, Lars Kristian Sperstad, Thorstein Steinehaugen og Olav Kvålshagen går ut - Eldri Engdal, Kurt Are Garmo og Jonas Galde kjem inn. Samrøystes godkjent

###### Alpin gruppa:

Ingolf Kvålshagen – går ut.

Her var i utgangspunktet alle på val i 2026. Dette er no gjort om slik at Trond Teigen, Per Arne Vole og Yngve Stee sit til 2027. Samrøystes godkjent.

###### Fotball gruppa:

Fotballgruppa har i 2024 ikkje hatt leiar, Veronica Traastad, nestleiar, har vore fungerande leiar. Amund Teigen er nå vald inn som ny leiar. Veronica Traastad fortset som nestleiar i 1 år.

I fotballgruppestyret går Weronika Mokrzecka og Ola Reidar Nyrnes ut - Stine Kvålshagen og Ove Teigen kjem inn.

Helge Marstein går ut av kioskgruppa - Weronika Mokrzecka kjem inn.

Jostein Larsen – kjem inn som ein ekstra anleggsansvarleg.

Marit Marstein – går inn som materialforvaltar nr. 2 saman med Olve Gaukstad.

Treningskoordinator 2 – står fortsatt ope, det går bra i følge treningskoordinator 1.

Alle val i fotballgruppa vart samrøystes godkjent.

Barneidretten:

Anne Kjæstad Veggum og Ragnhild Sjurgard går ut - Ida Marie Banken og Gudmund Repp kjem inn. Samrøystes godkjent.

Basarkomiteen:

Therese Bakke går ut – Ole Kristian Sveen kjem inn. Samrøystes godkjent.

Trim og turgruppa:

Blir utvida med Guri Husom. Samrøystes godkjent.

Hovedstyret ber om fullmakt til å konstituere/få tak i nye medlemmar om nødvendig. Dette vart samrøystes godkjent.

*Eit lite sukk frå Valkomiteen:* I Lom idrettslag er det 70 verv i forskjellige grupper dette fører til at vi brukar veldig mange folk på verv i idrettslaget. Kunne for eksempel gruppeleiarane vore styre-medlemmar i hovedstyret? Vi bør i løpet av året vurdere kor mange ein treng å vere i kvart styre.

**d) Kontrollutvalg av revidering, 2 pers.**

I 2024, har Morten Sørhage vore einsleg i kontrollkomiteen, da Kjell Kvålshagen ikkje kunne kome inn i 2024 lell.

I 2025 kjem Magny Hilde inn, og Eilev Mundhjeld kjem inn som vara i 1 år. Samrøystes godkjent.

**e) Val av representantar til ting og møte i dei organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett.**

Hovedstyret vart foreslått til å utnevne nokon til å representere der vi har representasjonsrett. Samrøystes godkjent.

**f) Valkomitè med leiar og to medlemmar.**


Valkomiteen: Britt Ingunn Sveen og Amund Mundhjeld sit vidare. Andreas Stenersen kjem inn. Samrøystes godkjent.

**Alle medlemmar i gruppestyra skal framkome på heimesida, slik at det for alle er mogle å finne dei.**

Lom 12. mars 2025



Karina Mandal



Asbjørn Hansen

